



**NGI held fram at ein må unngå flatehogst for å oppretthalde tilstrekkeleg tryggleik mot skred ovanfor Halsabrotet  
Tiltakshavar har difor inngått avtale med skogeigar om at hogst skal skje i samsvar med tilådingane frå NGI**

NGE viser til dette og presiserar at dei ikkje, som kommunen har opplyst, har fremja motsegn mot reguleringsplanen.

Dei har bede om at kommunen vurderer om skog er ein føresetnad for at området er tilstrekkeleg trygt mot skred.

NVE er særns nøgde med at kommunen har gjort grep som kan sikre at det planlagde bustadfeltet kan oppretthalda tryggleik mot skred også i framtida.

I tilsvarande saker bør komunen vurdere å innlemme areal der restriksjonar er naudsynte i planområdet

Ivar Kåre Døssland i teknisk etat i kommunen har uttala seg om reguleringsplanen for nedre del av Halsabrotet og tykkjer det er positivt at det er regulert inn fortau langs eksisterande tilkomstveg. Når det gjeld feltet til Bjørnebøle og Huglen, må det regulerast fortau med 2 meters asfaltbreidde.

Det er grunn til å tru at feltet blir utgangspunkt for turgåarar og difor bør ein vurdere bygging av ein romsleg parkeringsplass øverst for å unngå vegparkering, meiner Døssland,

Av Ola Matti Mathisen